



Notat

Dato: 01.04.2014
Arkivsak: 2014/10180-2
Saksbehandlar: jortenn

Til:Fylkesutvalet

Frå:Fylkesrådmannen

Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland - pr 31.03.2014

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland, og gir føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. *Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*, er det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet for 2014 er utarbeidd med støtte frå ei ressursgruppe sett saman av representantar frå partnerskapen og Hordaland fylkeskommune. Regionalt næringsforum (RNF) har vore styringsgruppe og gitt tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning. Handlingsprogrammet vart vedteke i fylkesutvalet 20.februar 2014.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet.

Prosjekta som er med i denne oversikten har fått tildelt midlar frå budsjettpost B i HNN, som gjeld *Tilrettelegging for næringsutvikling, inkludert øyremerkte midlar*. Dette er delvis søkbare midlar kor søknadane blir handsama administrativt. Rapporteringa er i samsvar med budsjettinndelinga under post B i HNN budsjettet:

B-1 Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon

B-2 Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse

B-3 Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter

B-4: Bransjeretta tiltak

B-5: Klimarettatiltak

B-6: Øyremerkte midlar til program

B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar

Denne oversikten med informasjon om prosjekt som får støtte frå budsjettpost B i HNH, blir gitt som orienterings sak og inneheld:

- Tabell med oversikt over alle tilsegn gitt sidan siste oversikt.
- Tabell med samla tal hittil i år fordelt i tråd med inndelinga over.
- Kommentrarar.
- Vedlegg med kort presentasjon av dei prosjekta som har fått tilsegn i siste periode.

Siste oversikt vart gitt til fylkesutvalsmøtet 20.02.2014 med ein oversikt fram til 02.01.2014.

Denne oversikten viser utviklinga frå 02.01.2014 til 31.03.2014.

Prosjekt handsama i perioden 01.januar til 31.mars 2014:

Tilsegnsnr	Prosjektnamn	Tilskotsmottakar	Innsatsområde	Prosjekt-kostnad	Tilsegnsum
120-2014	Øyliv i Sunnhordland	Stord kommune	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	3 050 000	600 000
001-2014	Klimapartner Hordaland	Norsk Klimastiftelse	B-5: Klimaretta tiltak	334 600	150 000
007-2014	Vossakonferansen	Voss kommune	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	400 000	100 000
009-2014	Bjørnefjorden utdanningsmesse 2014	Lions Club Os	B-2: Relevant kompetanse	554 400	60 000
011-2014	Innovasjon for hav og helse – CIROH	Universitetet i Bergen, Institutt for biologi	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	600 000	200 000
012-2014	Western Norway Film Commission 2014	Vestnorsk filmsenter	B-4: Bransjeretta tiltak	1 251 667	450 000
013-2014	Verknad i drenering i grovfordyrkinga på Vestlandet	Bioforsk Vest Fureneset	B-2: Relevant kompetanse	12 227 000	135 000
015-2014	Global Future Hordaland Kull 3, 2014-2015	NHO Hordaland	B-2: Relevant kompetanse	2 675 000	400 000
016-2014	MediArena år 4	MediaArena	B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar	4 400 000	200 000
018-2014	Craft International formidlingsprosjekt	Hordaland fylkeskomune/ Næring/Craft international	B-4: Bransjeretta tiltak	500 000	100 000
022-2014	Partnerskapsavtale sykkelturnisme	Stiftelsen Sykkelturisme i Norge	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	281 250	281 250
026-2014	Nyskappingskonferanse i Sunnhordland	Samarbeidsrådet for Sunnhordland	B-1: Meir entreprenørskap og innovasjon	421 000	75 000
027-2014	Nordiske Mediedager 2014	Stiftelsen Nordiske Mediedager	B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar	8 110 000	260 000
031-2014	«Liv på Øyro»- «Bydraget»- Arkitekt konkurranse	Os kommune	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	600 000	250 000

Totalt antal tilsegn fordelt på innsatsområde i år:

	Innsatsområde	Tal tilsegn	Prosjektkostnader	Støttebeløp
B-1:	Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon	2	1 021 000	275 000
B-2:	Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse	3	15 456 400	595 000
B-3:	Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	4	4 331 250	1 231 250
B-4:	Bransjeretta tiltak	2	1 751 667	550 000
B-5:	Klimaretta tiltak	1	334 600	150 000
B-6:	Øyremerkte midlar til program			
B-7:	Øyremerkte midlar til samarbeidsaktørar	2	12 510 000	460 000
	Totalt:	14	35 404 917	3 261 250

Kommentar:

Inntil det nye handlingsprogrammet blei vedtatt i fylkesutvalet i februar har ein heldt litt igjen på sakshandsaminga av einskildsøknader. Dette fordi det nye handlingsprogrammet inneber ei relativt omfattande omlegging i forhold til tidlegare RUP. Arbeidet er no i god gjenge og ein ventar å vere ajour i 2. kvartal.

I første kvartal er det tildelt 3,2 mil kr til 14 tiltak med ei samla kostnadsramme på vel 35 mill kr. Dette inneber ein finansieringsandel på ca 9 %.

31. mars 2014

Vedlegg:

Øyliv i Sunnhordland Tilsegn 120-2014

"Øyliv i Sunnhordland" er ei vidareføring av det regionale prosjektet "Flytt til LivOGLyst" som fekk støtte gjennom Bulyst 2010. Prosjektet søkte midlar frå Bulyst 2013, vart innstilt som fyrste prioriterte til Kommunal- og regionaldeprtementet frå fylkesrådmannen. Øyliv i Sunnhordland fekk tilsegn om tilskot frå KRD no KMD om tilskot på inntil kr 1 000 000.

Totale prosjektkostnader: kr 3 050 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigeninnsats alle øyene:	kr 555 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 600 000
Tilsegn motteke frå HFK til Austevoll og Espevær:	kr 370 000
Tilskot KRD:	kr 1 000 000

Prosjektstart: 29.08.2013.

Prosjektslutt: 01.01.2015.

Prosjekteigar:

Stord kommune

Prosjektleiar:

Odd Harald Hovland, styreleiar (ordførar Bømlø), Odd-Harald.Hovland@bomlo.kommune.no

Sakshandsamar:

Kari Patricia Kleppe,
tlf. 55239568, epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Samandrag:

"Øyliv i Sunnhordland" er ei vidareføring av det regionale bulystprosjektet "Flytt til LivOGLyst" . Det er eit regionalt samarbeid mellom fire øysamfunn i fire kommunar i Sunnhordland: Espevær i Bømlø, Fjelberg i Kvinnherad, Huglo i Stord og Møkster i Austevoll. Øyene kom i kontakt med kvarandre gjennom LivOGLyst-arbeidet i Hordaland. I dette arbeidet fekk ein auka kompetanse rundt lokalsamfunnsutvikling og stort nettverk både til det offentlege og til andre bygder/prosjekt. Espevær, Fjelberg, Huglo og Møkster har ei rekkje felles utfordringar som me såg kan løysast meir rasjonelt gjennom samarbeid og overløke organisatoriske løysingar. Øysamfunna har til felles at dei alle kjempar for busetnaden og folketalet. Samarbeidet og nettverket skapt gjennom halvanna år med bulystarbeid skal utviklast vidare for å skapa enda meir, tryggare og betre "Øyliv".

Klimapartner Hordaland Tilsegn 001-2014

Norsk Klimastiftelse skal etablere Klimapartner Hordaland - eit nettverk mellom private og offentlege verksemder der føremålet er å skape grøn vekst i Hordaland

Totale prosjektkostnader: kr 334 600

Finansieringsplan for prosjektet:

Egeninnsats Klimastiftelsen:	kr 84 600
Handlingsprogrammet for næringsutvikling:	kr 150 000
HFK v/klima- og naturressursavdelingen:	kr 100 000

Prosjektstart: 01.02.2014.

Prosjektslutt: 01.12.2014.

Prosjekteigar:

Norsk Klimastiftelse

Prosjektleder:

Lars-Henrik Paarup Michelsen, lhpm@klimastiftelsen.no

Sakshandsamar:

Inge Døskeland,
tlf. +47-55239315, epost: inge.doskeland@hfk.no

Samandrag:

Sidan 2008 har Agderfylka gjennom nettverksprosjektet Klimapartnerne fått til eit svært effektivt offentleg-privat samarbeid for å få regionenes klimaengasjement opp, og klimagassutsleppa ned. Formålet er at nettverksdeltakarane saman skal identifisere utslepp og innovere løysingar for å få utsleppa fjerna eller redusert.

Norsk Klimastiftelse gjennomført eit forprosjekt på vegne av Hordaland Fylkeskommune hausten 2013 der vi skulle undersøke om det var interesse blant fylkets offentlege og private aktørar for å etablere eit Klimapartner-prosjekt i Hordaland. Resultatet av forprosjektet blei 12 verksemder frå ulike sektorar som sa dei ville vere med på eit hovudprosjekt.

Tilsegnsdato: 03.02.2014

Vossakonferansen 2014

Tilsegn 007-2014

Vossakonferansen 2014 skal setja fokus på kva moglegheiter forventta befolkningsvekst i Bergensregionen kan bety for Vossaregionen. Arbeidstittel er Voss - ein bydel i Bergen, ynskjer me og å setja varsla kommunesamanslåing på den regionale sakslista.

Totale prosjektkostnader: kr 400 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna sponsor:	kr 50 000
Deltakaravgift:	kr 100 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 100 000
Sr-Bank:	kr 50 000
Voss Energi:	kr 50 000
Voss Parkering:	kr 50 000

Prosjektstart: 03.02.2014.

Prosjektslutt: -.

Prosjekteigar:

Voss kommune

Prosjektleiar:

Gunnhild Utkvitne

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. 55239523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Vossatunell åpna den 20. desember 2013, den nye regjeringa har varsla kommunesamanslåing og befolkningsprognosane for Bergen syner sterk auke i åra framover. Kva vil alle desse endringane kunna innebera for Vossaregionen? Skal Vossaregionen vera proaktiv i arbeidet med framtidig ny kommunestruktur, ynskjer me verta ein bydel i Bergen? Kva finst det av moglegheiter og kva vegval bør Vossaregionen ta? Dette er innfalssvinkel for tema på Vossakonferansen 2014. Konferansen er planlagt gå av stabelen 1. april 2014.

Tilsegnsdato: 03.02.2014

Bjørnefjorden utdanningsmesse 2014

Tilsegn 009-2014NK

Prosjektet er ei yrkes- og utdanningsmesse for kommunane Austevoll, Fusa, Os, Samnager og Tysnes. Besøket på messa av elevar frå vidaregåande skoler og ungdomsskoler skal vere ein del av undervisninga, og Os Lions Club har samarbeidd med skolane om for- og etterarbeid i skoletida.

Totale prosjektkostnader: kr 554 400

Finansieringsplan for prosjektet:

Austevoll kommune:	kr 10 000
Eigendel Lions Club Os:	kr 127 400
Fusa kommune:	kr 8 000
Os kommune:	kr 73 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 60 000
Sal av 10 internettreklamar:	kr 50 000
Salg av 50 utstillingsplassar:	kr 220 000
Tysnes kommune:	kr 6 000

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 01.12.2014.

Prosjekteigar:

Lions Club Os

Prosjektleiar:

Bjørn Solheim, bjorn.solheim@mac.com

Sakshandsamar:

Yngvar Hagala,
tlf. 55 37 80 16, epost: yngvar.hagala@hfk.no

Samandrag:

Politisk og administrativt nivå i Os kommune har over tid uttrykt eit behov for ei utdannings- og yrkesvalsmesse for Bjørnefjordregionen. Næringslivet har på same vis uttrykt ønske om meir kontakt med relevante utdanningsinstitusjonar i regionen. Ordførarane og skolekontorane i Austevoll, Fusa, Samnager, Tysnes og Os har alle stilt seg positiv til ei messe for Bjørnefjordsregionen.

Tilsegnsdato: 30.01.2014

Innovasjon for hav og helse - CIROH Tilsegn 011-2014

Prosjektet tar sikte på å utvikle en sterk søknad mot NFRs SFI-program, med fokus på innovasjon knyttet til marin miljøovervåking, rene råvarer og kontrollmetoder for sunn og trygg sjømat.

Totale prosjektkostnader: kr 600 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna støtte partnere:	kr 250 000
Eigenandel tid:	kr 150 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 200 000

Prosjektstart: 01.12.2013.

Prosjektslutt: 01.03.2014.

Prosjekteigar:

Universitetet i Bergen, Institutt for biologi

Prosjektleiar:

Anders Goksøy, anders.goksoyr@bio.uib.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson,
tlf. 55239286, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

Petroleumsvirksomhet og havbruk er dei to store bærebjelkane i norsk næringsliv. Begge er marine næringar som er avhengige av å utvikle seg i eit bærekraftsperspektiv for å fortsette sin virksomhet langs norske kyster og på norsk sokkel. Sanntidssystem for raskt å oppdage uønska påvirkning er ein del av denne utviklinga. Samtidig er spesielt havbruksnæringa avhengig av tilgang til reint vatn utan forurensningar, giftige alger eller sjukdomsframkallende organismer for å kunne eksistere. Også her er det behov for sanntidseteknologi for å kunne oppdage truslar mot anlegg. Endelig er det behov for sanntidsteknologi for å kunne spore uønska stoffer i råvarer, fôrprodukt og sjømat i eit mattrygghetperspektiv.

Tilsegnsdato: 23.01.2014

Western Norway Film Commission 2014 Tilsegn 012-2014

Western Norway Film Commission arbeider med å legge til rette for at filmproduksjonar vert gjort på Vestlandet.

Totale prosjektkostnader: kr 1 251 667

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 150 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 450 000
Møre og Romsdal:	kr 351 667
Sogn og Fjordane:	kr 300 000

Prosjektstart: 24.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Vestnorsk filmsenter

Prosjektleiar:

Sigmund Elias Holm, sigmund@wnfc.no

Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,
tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

Samandrag:

Filmkommisjonen skal auke verdiskapinga på Vestlandet gjennom å marknadsføre regionen som ein attraktiv innspelingsstad overfor den nasjonale og internasjonale filmbransjen.

Gjennom oppsøkande kontaktarbeid, marknadsføring og tilbod om synfaringsturar medverkar filmkommisjonen til at stadig fleire internasjonale filmprosjekt vert lagt til Vestlandsfylka.

Tilsegnsdato: 24.01.2014

Verknad av drenering i grovfordyrkinga på Vestlandet Tilsegn 013-2014

Drenering er eit arbeidsfelt der det krevst auka innsats. Omfanget av dreneringstiltak seinaste 10-åra har både på Vestlandet og i landet elles vore mindre enn trongen, ein har tært på jordkapitalen og har eit oppsamla dreneringsbehov.

Totale prosjektkostnader: kr 12 227 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigeninnsats:	kr 2 210 000
Fylkesmenn på Vestlandet:	kr 540 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 135 000
Jord- og myrfondet:	kr 1 375 000
Møre og Romsdal fylkeskommune:	kr 100 000
Norges forskningsråd:	kr 7 117 000
Næringsorganisasjonar Vestlandet:	kr 540 000
Rogaland fylkeskommune:	kr 105 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune:	kr 105 000

Prosjektstart: 03.02.2014.

Prosjektslutt: 01.01.2015.

Prosjekteigar:

Bioforsk Vest Fureneset

Prosjektleiar:

Samson L. Øpstad, samson.opstad@bioforsk.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen, tlf. 55239523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Rådgevinga innafor hydrologi og drenering byggjer til dels på gamle forskingsresultat, og der den driftsmessige sida var noko annleis enn den er i dag. Dyrking og drenering bør derfor sjåast på frå andre og nye angrepsvinklar.

Tilsegnsdato: 12.02.2014

Global Future Hordaland Kull 3, 2014 - 2015 Tilsegn 015-2014NK

Global Future er eit program der innvandrara som ønskjer meir relevant arbeid kan søkje. Det er også opent for innvandrara som ønskjer seg leiarstillingar, styreverv og/eller er politisk engasjerte.

Totale prosjektkostnader: kr 2 675 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Adecco:	kr 275 000
Anna finansiering:	kr 100 000
Bergen Kommune:	kr 250 000
Egenandel deltakere:	kr 50 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 400 000
Innovasjon Norge:	kr 300 000
NAV:	kr 300 000
NHO og bedriftene:	kr 775 000
Sparebanken Vest:	kr 225 000

Prosjektstart: Hausten 2014.

Prosjektslutt: Vinteren 2016

Prosjekteigar:

NHO Hordaland ved Tom Knudsen

Prosjektleder:

Elisabeth Jebsen Marek, elisabeth.jebesen.marek@nho.no

Sakshandsamar:

Yngvar Hagala,
tlf. 55 37 80 16, epost: yngvar.hagala@hfk.no

Samandrag:

Formålet med prosjektet er å bidra til framtidretta verdiskaping i Hordaland, gjennom å auke sysselsettinga blant førstgenerasjons-innvandrara i fylket med høgare utdanning eller anna relevant spisskompetanse. Til saman varer prosjektet seg over tre semester med om lag tre samlingar per semester. Kapasiteten er 25 deltakarar.

Tilsegnsdato: 28.02.2014

MediArena år 4 Tilsegn 016-2014

MediArena går inn er no inne i sitt 4. år, og Fylkesutvalet vedtok 20.4.2014 å støtte MediArena med 200 000,- i 2014.

Totale prosjektkostnader: kr 4 400 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 200 000
Innovasjon Norge/Arena-programmet:	kr 500 000
Innovasjon Norge/Arena-programmet:	kr 1 500 000
Næringslivet:	kr 2 200 000

Prosjektstart: 15.02.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

MediArena

Prosjektleiar:

Stig Frode Opsvik, stigfrode@mediarena.no

Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,
tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

Samandrag:

MediArena skal medverke til å vidareutvikle samarbeidsrelasjonane og auke den kollektive kompetansen i medienæringa på ein slik måte at det fremjar innovasjon, verdiskaping og vekst. MediArena har fått forlenga Arenastatus med to år og det skal no arbeidast mot å oppgradere prosjektet til eit NCE.

Tilsegnsdato: 19.02.2014

Craft International formidlingsprosjekt Tilsegn 018-2014

CRAFT International er no i inne i sluttfasen og skal arbeide med informasjonsformidling og avslutning.

Totale prosjektkostnader: kr 500 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 100 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 100 000

Prosjektstart: 15.02.2014.

Prosjektslutt: 01.09.2014.

Prosjekteigar:

Hordaland fylkeskommune/Næring/Craft International

Prosjektleiar:

Terje Inderhaug, terje.inderhaug@hfk.no

Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,
tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

Samandrag:

Prosjektet Craft International (CI) er i ein avsluttande fase. CI er òg eit oppfølgjingsprosjekt av EU/NPP-prosjektet Economusee Northern Europe, som varte frå 2008-2011. EU Prosjektet (CI) har i realiteten hatt ei levetid på 6 år, og med ei ekstra 3 månadars utviding til 31. mars 2014 vil ein få full måloppnåing i tal på etableringar av nye Economusee.

Tilsegnsdato: 27.02.2014

Partnerskapsavtale sykkelturnisme Tilsegn 022-2014

Hordaland fylkeskommune og Stiftelsen Sykkelturisme har fornya partnerskapsavtalen som beskriv kva dei to partane skal samarbeide om når det gjeld utvikling av sykkelturnisme i Hordaland. Den nye avtalen gjeld for 3 år.

Totale prosjektkostnader: kr 281 250

Finansieringsplan for prosjektet:

Annen finansiering:	kr 0
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland::	kr 281 250

Prosjektstart: 01.01.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Stiftelsen Sykkelturisme i Norge

Prosjektleiar:

Rolf Akselsen, rolf@kaizen.no

Sakshandsamar:

Berit Vetlejord,
tlf. 55239995, epost: berit.vetlejord@hfk.no

Samandrag:

Partnerskapsavtalen skal bidra til heilskapleg utvikling av sykkelturnismen i fylket med utgangspunkt i overordna plan- og styringsverk; regional plan, regionalplanens handlingsprogram, delplanar og strategiske planar og program.

Tilsegnsdato: 11.03.2014

Nyskappingskonferanse i Sunnhordland Tilsegn 026-2014

Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Atheno arrangerer den 7. mai i år den tiande Nyskappingskonferansen for Sunnhordland.
10 års jubileum vert markert med fokus på INNOVASJON og ENTREPRENØRSKAP.

Totale prosjektkostnader: kr 421 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Andre sponsormidler:	kr 10 000
Atheno:	kr 26 000
Bladet Sunnhordland:	kr 220 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 75 000
HSH:	kr 20 000
Samarbeidsrådet:	kr 20 000
Sparebanken Vest:	kr 50 000

Prosjektstart: 24.02.2014.

Prosjektslutt: 30.05.2014.

Prosjekteigar:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Leiar Gro Jensen Gjerde

Prosjektleiar:

Atheno. Torill Nøstvåg, torill@atheno.no

Sakshandsamar:

Kari Patricia Kleppe,
tlf. -, epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Samandrag:

7. mai vert det arrangert Nyskappingskonferanse i Sunnhordland. Nyskappingskonferansen vert arrangert for tiande gong dette året. Staden er som vanleg dei flotte rammene på Høgskulen Stord/Haugesund (HSH) på Stord. Dette er eit årvisst arrangement som trekker fullt hus med ca 120 påmeldingar. 2013 var eit rekord år i antal påmeldte (nær 130) og tilbakemeldingane har vore særst positive.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Atheno AS har i år i fellesskap hovudansvaret for konferansen. I tillegg er det industriaktørar frå Kværner og Apply som bidreg, samt ein representant frå HSH.

Tilsegnsdato: 06.03.2014

Nordiske Mediedager 2014

Tilsegn 027-2014

Nordiske mediedagar er i dag etablert som den største fagkonferansen for mediebransjen i Norden og aukar i talet på deltakarar kvart år. Fylkesutvalet vedtok 20.02.2014 å støtte Nordiske mediedager med 260 000,- i 2014.

Totale prosjektkostnader: kr 8 110 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Andre off. tilskudd:	kr 424 770
Finansinntekter:	kr 80 000
Inntekter annet avg. pl/Inntekter annet:	kr 30 609
Inntekter fra bedriftsavtaler, konferanse:	kr 438 814
Inntekter fra billettsalg:	kr 203 085
Inntekter fra deltakere, konferanse:	kr 2 445 900
Inntekter fra sponsorer avg. pl.:	kr 2 118 857
Inntekter fra utstillere messe, workshops:	kr 237 500
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 260 000
Sosiale arrangement:	kr 465
Tilskudd fra Bergen kommune:	kr 530 000
Tilskudd fra Kulturdepartementet:	kr 410 000
Tilskudd fra Sparebanken Vest:	kr 300 000

Prosjektstart: 01.02.2013. **Prosjektlutt:** 31.12.2013.

Prosjekteigar:

Stiftelsen Nordiske Mediedager

Prosjektleiar:

Guri Heftye, guri.heftye@mediedager.no

Sakshandsamar:

Jostein Farestveit, tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

Samandrag:

Nordiske Mediedager er i dag etablert som den største fagkonferansen for mediebransjen i Norden og aukar i talet på deltakarar kvar år. I tillegg til fagkonferansen arrangerer Nordiske Mediedager mellom anna kompetansehevnande tiltak for skuleelevar gjennom NMD Ung, for å styrke og stimulere rekrutteringa til bransjen.

Hovudmålet med Nordiske Mediedager er å styrke mediebransjen si konkurranse- og innovasjonskraft, og å styrke regionen som eit viktig kompetansesentrum innan media. Arrangementet skal legge til rette for kompetansedeling mellom regionale og nasjonale medieverksemdar og tilby eit program som gjer deltakarane moglegheit til å lære av store internasjonale aktørar.

Tilsegnsdato: 23.01.2013

"Liv på Øyro" - "Bydraget" - Arkitektkonkurranse Tilsegn 031-2014

Prosjekt «Liv på Øyro», etablert i 2013, med eigen prosjektorganisasjon. Målsetjing: å revitalisere sentrumskjerna: fleire butikkar, bustadar, aktivitetar, miljøtiltak osv. Nov. delprosjekt går ut på avgrensa arkitektkonkurranse for «Bydraget»; opprusting av gate/offentleg fellesområde i sentrum.

Totale prosjektkostnader: kr 600 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 250 000
Os kommune - egenandel:	kr 350 000

Prosjektstart: 01.03.2014.

Prosjektslutt: 31.12.2014.

Prosjekteigar:

Os kommune

Prosjektleiar:

Fredrik Seliussen, frse@os-ho.kommune.no

Sakshandsamar:

Kari Øvsthus,
tlf. 55239294, epost: kari.ovsthus@hfk.no

Samandrag:

Prosjekt «Liv på Øyro» vart oppretta etter samrøystes budsjettvedtak i Os kommunestyre des 2013. Osøyro er i kraftig utvikling, m.a. med Oseana og Os Sjøfront. Det blir i tillegg fremja fleire større reguleringsplanar for bustad og næring, som i sum gjev grunnlag for styrking og fornying av Osøyro som tettstad og regionsenter.

Men parallelt med realiseringa av fleire store bustadprosjekt i randsona av sentrum, skjer stagnasjon og til dels forfall i sjølve sentrumskjerna. Kommunen har difor starta prosjekt «Liv på Øyro» for å revitalisera sentrum. I 2013 vart som 1.trinn gjennomført ein mogelegheitsstudie. Vidare blir det utarbeidd konkrete strategiar for revitalisering av Osøyro, samt tiltaksplan m/framdriftsplan, finansierings-modell og ansvarsfordeling osv.

Prosjektet vil i sum fokusere på både fysiske og aktivitetsfremjande tiltak, samt marknadsføring av Osøyro. Nokre tiltak vil kunna realiserast raskt. Andre vil krevja meir omfattande planprosessar, finansiering osv. Prosjektet vil leggje ein realistisk framdriftsplan for gjennomføring, basert på forpliktande medverknad frå offentleg og privat side.

Dette prosjektet inneber avgrensa arkitektkonkurranse på det sentrale området «Bydraget», basert på muligheitsstudien av 2013.